

**Fra:** Siril Sylta  
**Sendt:** 9. juli 2014 14:15  
**Til:** Rune Kristoffersen (rune.kristoffersen@villanger.no)  
**Kopi:** alm-as@online.no; joboma@hotmail.no  
**Emne:** Tilbakemelding etter møte om vidare tiltak på gbnr 133/107 og 29  
**Vedlegg:** Kommunedelplan 133.107 og 29.pdf

Hei.

Viser til møte på rådhuset i dag vedkomande bygging av tremannsbustad på eigedommane. Viser og til spørsmål frå Villanger og Sønner, utlevert i møte, som eg skal prøve å svare på under.

- Eigedommane ligg i område avsett til bustad i kommunedelplan for Alverstraumen. (utsnitt av kommuneplankart er vedlagt)
- Det må søkast om dispensasjon frå plankravet i kommunedelplanen
- Det er ikkje angitt utnyttingsgrad i kommunedelplanen. Dette vil ein vurdere i samband med dispensasjonen. Vi vil tilrå utnyttingsgrad på rundt 25 %.
- Ved innsending av søknad må uteareala gå fram av situasjonsplanen. Kommunedelplanen har ikkje krav til uteareal. Dette vert også ei vurdering i samband med dispensasjon. Det må dokumenterast at eigdommen har tilstrekkeleg uteareal til 3 bueiningar, og at uteareala har gode kvalitetar (i høve til sol, lys, mulighet for rekreasjon/leik etc)
- Eksisterande hytte skal rivast. Dette kan enten søkast for seg, eller saman med søknad om dispensasjon og oppføring av tremannsbustad.
- Det må sendast inn søknad om tilkopling til offentlig avløpsanlegg
- Vasskapasitet frå borehol til tre bueiningar må dokumenterast ved innsending av søknad
- Det må leggest ved vegrett til bruk av privat veg
- Det må søkast om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg
- Det er opp til utbygger om ein vil sende inn søknad om rammeløyve eller søknad i eitt trinn.
- Byggesak vil tilrå at ein søker samanføyning av eigedommane før byggesaka vert sendt inn.

*Med venleg helsing*

*Siril Sylta  
Konstituert fagleiar  
Byggesak  
Areal- og miljøeininga*